

Emneevaluering / course evaluation ISV

Oppdatert: 1. februar 2024 kl. 16:17

Svar-ID: 30346557

Levert: 29.01.24 10:54

Navn / name *

Navn til emneansvarlig
Elisabeth Bakke

Velg kursnivå *

Bachelorkurs

Bare for Master: velg blokk

Ikke besvart

Emnekode / course code *

STV1501

Emnenavn / Course title

EU som politisk system

Semester *

H-2023

Emnerapport / course report *

Dette er et godt innkjørt emne som eg har hatt ansvaret for siden 2016. Kjernen i kurset er som kurstittelen seier ei innføring i EU som politisk system, med hovedvekt på institusjonar og politikkområde. I tillegg er det eigne forelesningar om partisystemet på europeisk nivå, utvidingsprosessane, Brexit, europeisk identitet og demokrati i EU, og forholdet mellom Noreg og EU, med hovedvekt på EØS. Hovedstrukturen i kurset har vore den same sidan starten, med to unntak: 1) ei forelesing om folkeavstemmingar (B. Aardal) vart frå 2021 erstatta med ei forelesning om Brexit (Ø. Bratberg), og 2) europeisk identitet er frå 2022 kopla saman med demokrati og demokratic backsliding og plassert lenger ut i rekka.

Pensum består av to lærebøker: Olsen et al dekkjer institusjonane og McCormick politikkområde, begge oppdatert i 2020. I tillegg består pensum av forskingsartiklar som utdjupar tema som er overflatisk (eller ikkje) dekt i lærebøkene.

Emnet har i alle år vore relativt populært både bland programstudentar og enkeltemnestudentar, men i år var opptaksramma kraftig redusert og det var derfor ikkje plass til enkeltemnestudentar. Dette er uheldig, fordi det hindrar folk som er i arbeid å få påfyll. I tidlegare semester har desse vaksne studentane tilført andre perspektiv. Varierande forkunnskapar er alltid ei utfordring, sjølv når emnet (som i år) er avgrensa til programstudentar. Det var også uheldig at forelesingane i år kolliderte med to andre statsvitsemne, inkludert det obligatoriske innføringsemnet i Internasjonal Politikk. Det var fleire studentar som tok to av desse emna, og som derfor måtte velja kva for forelesingar dei skulle prioritere. Både frammøte og engasjement har derfor variert mellom forelesningar, men samla sett verkar årets utgåve å ha fungert bra for dei som var til stades.

Oppsummering av studentevaluering:

Den eine emnekontakten måtte på jobb og deltok derfor ikkje på evalueringsmøtet, men vi hadde eit møte underveis i semesteret der begge var til stades. Begge likte emnet, pensumbøkene og forelesingane godt (inkludert gode slides), men ønskte seg litt betre tid til summing underveis.

I undervegsevalueringa vart det påpeikt at mengda pensum til forelesingane varierer, og at det hadde vore fint med lesevegleiing, særleg dei gongene det er mange artiklar. Kva er det lurt å lesa først, og kva ser vi etter når vi les? Det vart også påpeikt at koplinga mellom forelesingar og pensum var sterkare for lærebøkene enn for artikkelpensum, og at det burde gjerast tydelegare kva i artikkelpensum som er mest relevant.

I emneevalueringa kom det fram at den emnekontakten som var til stades tykte emnet var veldig interessant. Den einaste innvendinga var (framleis) at det var ønskjeleg med meir tid til diskusjon underveis. Lesevegleiinga som vart innført underveis fungerte bra. Emnekontakten har også tatt andre innføringsemne på statsvitsemne, og sjølv om nivået kanskje var litt høgare enn på eit par andre emne, tykte kontakten ikkje det var vanskeleg å følgje med på emnet dersom ein var på forelesing og las underveis. Eksamenskom ikkje som noko overrasking – oppgåvene handla om ting som vi hadde fokusert på i forelesingane.

Forslag til forbetringar:

Det er etter mi vurdering ikkje behov for å gjera store endringar i kurset, ut over å innføre lesevegleiing for alle forelesingar og revidere pensum for å halde det mest mogleg oppdatert. Utfordringa er som alltid å finne artiklar som både er oppdatert og som eignar seg på bachelornivå. For 2024-utgåva er det kanskje særleg pensum om utvidingsprosessane og demokratidimensjonen (både demokratisk underskot i EU og demokratiske tilbakeslag i medlemsland) det er aktuelt å sjå på. Valet til Europaparlamentet kjem dessverre etter pensumfristen, så det vil ikkje vera mogleg å ha oppdatert pensum på dette, men det bør dekkjast på forelesing. For 2025-utgåva av kurset kan det vera på tide å sjå etter meir oppdaterte lærebøker.

Emneevalueringen bør inneholde:

1. Vurdering av emnet

- Læringsutbytte i emnet
- Undervisningsformer og organisering
- Andre relevante temaer som læringsmiljø, studentenes arbeidsinnsats og eventuelt vurderingsformer

2. Studentens tilbakemelding

- Oppsummering av studentenes viktigste tilbakemeldinger

3. Helhetlig vurdering og videreutvikling

- En samlet vurdering av kvaliteten på emnet
- Justeringar som er foretatt som følge av evalueringen.
- Muligheter for videreutvikling av emnet

The course evaluation should include:

1. Assessment of the course

- Learning outcomes in the course
- Teaching methods and organization
- Other relevant topics such as the learning environment, students' effort and possibly forms of assessment

2. Student's feedback

- Summary of students' most important feedback

3. Overall assessment and further development

- An overall assessment of the quality of the course
- Adjustments made as a result of the evaluation.
- Opportunities for further development of the course